

Nasjonal behandlingsteneste for avansert brannskadebehandling

Plan for kompetansespreiing

Revidert og godkjent av referansegruppa for den nasjonale tenesta februar 2017

Bakgrunn: Alle nasjonale tenester er pålagde å utarbeide ein plan for spreiiing av kompetanse. Nasjonal behandlingsteneste for avansert brannskadebehandling har gjennom alle år tenesta har eksistert, hatt fokus på opplæring av helsepersonell og spreiiing av kompetanse i befolkninga generelt om behandling av brannskadar. Dette dokumentet tek sikte på å konkretisere tenesta sine planar og strategiar for å gjennomføre dette.

Målgrupper: Vi ser dette behovet som todelt. Det er eit kjent behov for opplæring av helsepersonell rundt omkring i landet i behandling av brannskadar. Vidare er det og eit behov for å informere befolkninga generelt om fyrstehjelp ved skadar og moglegheiter for førebygging.

Strategiar for spreiiing av kompetanse.

Kompetansespreiing til helsepersonell:

- Avdelinga tek sikte på å nytte kurset Emergency management of severe burns (EMSB) som grunnpilllar i utdanninga og kompetansehevinga av helsepersonell som behandlar brannskadar. Vi vil forsøke å arrangere minst to kurs årleg med eit internasjonalt fakultet for å sikre høgt nivå på undervisninga.
- Vi vil legge mykje arbeid i å ha ei god og oppdatert Metodebok som skal vere allment tilgjengeleg på nett.
- Vi vil bygge ut og vedlikehalde nettsidene våre, slik at all nødvendig informasjon er tilgjengelig der. Det inneber at sidene minimum skal innehalde henvisningskriterium, kontaktdetaljar, praktiske råd, metodebok, generell informasjon om brannskadar og behandlinga av desse.
- Avdelinga vil forsøke å fortsette å stille opp ved førespurnader om undervisning og opplæring ved andre helseinstitusjonar. Dette skal utførast utan krav til vederlag utover reise og opphald så lenge oppdragsgjevar er ein del av det offentlege helsevesenet.
- Vi vil auke bruken av utsendt personell for å drive konkret opplæring av kollegaer når vi sender store skadar heim til lokalsjukehus. Det vil seie at vi let til dømes sjukepleiar og fysioterapeut frå BSA besøke sjukehuset som tek i mot pasienten, like etter overflytting, for å gje god «hands on» opplæring.
- Vil vil halde fram å ynskje alle helsearbeidarar velkomne til å hospitere ved avdelinga så langt det er mogleg.

- Vi vil bidra i grunn- vidare- og etterutdanning ved universitet, høgskular og andre utdanningsinstitusjonar i så stor grad som råd.

Kompetansespreiing til befolkninga generelt:

- Vi vil som tidlegare forsøke å stille opp i ulike media når sjansen byr seg til å snakke om behandling av brannskadar og førebygging av desse.
- Vi vil prøve å lage grundig og heilskapleg informasjon til befolkninga på våre nettsider, slik at dei der får svar på alle generelle spørsmål om førebygging og behandling av brannskadar.
- Vi vil spesielt forsøke å fokusere på barn og skåldingskadar, då dette er den gruppa der det er størst potensiale for førebygging og skadereduksjon.

Denne planen for kompetansespreiing vil verte vurdert årleg av referansegruppa, med tanke på om det er behov for endringar.